



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

RAPPORT FRÅ ARBEIDSGRUPPA LANDBRUKSFORVALTNING 2020

Kommunal landbruksforvaltning i Møre og Romsdal Ansvar, status og organisering

Molde, den 3. juni 2016

I. INNHALD

2. Innleiing – bakgrunn og mandat	1
3. Landbruksforvaltninga i 2016.....	2
4. Ulike organisasjonsmodellar	4
5. Organisasjonar landbruksforvaltninga samarbeider med	6
6. Oppgåveportefølje for kommunal landbruksforvaltning.....	7

2. INNLEIING – BAKGRUNN OG MANDAT

Kommunane er førsteline forvaltningsorgan for landbruks- og matsektoren, og har ansvaret for gjennomføring av landbrukspolitikken på lokalt nivå. Går vi nokre tiår tilbake var heile landbruksforvaltninga – frå departement til kommune – eit statleg ansvar. Kommunane tok over dei statlege landbrukskontora i 1994, og frå 2004 fekk kommunane vedtaksmynde for store delar av dei økonomiske og juridiske verkemidla i landbrukspolitikken. Kommunane har blitt ein viktig landbrukspolitisk aktør, og landbruksnæringa er heilt avhengig av ei effektiv og kompetent forvaltning i kommunen.

I mange kommunar er landbruket ein viktig del av næringsgrunnlaget, og den viktigaste forvaltaren av kulturlandskapet. Bøndene er naturleg nok forvaltarar av store delar av det totale arealgrunnlaget, og kommunen si rolle som arealplanleggar og som forvaltar av ressursar for matproduksjon gjer dette området særleg viktig.

Det er grunn til å tru at talet på kommunar blir redusert dei komande åra. Kommunane er allsidige og kompliserte organisasjonar med stor oppgåveportefølje, og fusjonar er nødvendigvis utfordrande prosessar. Samtidig er det nødvendig å understreke at kommunane har ei svært viktig rolle for å gjennomføre landbrukspolitikken, og at næringa er heilt avhengig av ei effektiv og påliteleg lokal landbruksforvaltning.

Det er berre unntaksvis at problemstillingar knytt til landbruk er kommentert i grunnlagsdokument eller nemnt i debatten rundt kommunestruktur. Landbruksforvaltninga blir neppe førande for korleis kommunane organiserer seg framover, men samtidig er det viktig for både næring og samfunn at oppgåvene blir ivaretatt på ein god måte. Landbruksoppdraget må vere synleg og tydeleg i prosessane, og dette notatet er meint å skulle vere eit bidrag til akkurat det.

Dette er den direkte bakgrunnen for at landbruksdirektøren i 2015 sette ned ei arbeidsgruppe med slikt mandat:

«Gruppa skal kartlegge og beskrive oppdraget for kommunal landbruksforvaltning. Gruppa skal beskrive roller, kompetansekrav, og gjere greie for krav og forventningar til både kapasitet og kvalitet. Gruppa skal kartlegge og beskrive aktuelle modellar for lokal landbruksforvaltning. Gruppa skal levere eit dokument som kan brukast som grunnlag i kommunereformprosessen».

Deltakarar i arbeidet har vore Helga Færøy, Rune Horvli, Bjarne Lund, Arnold Hoddevik, Tormod Meisingset og Ottar Longva.

3. LANDBRUKSFORVALTNINGA I 2016

Staten hadde fram til 1993 arbeidsgjevaransvaret for landbruksforvaltninga i kommunane. Aktiviteten var særleg stor i utbyggingsperioden på 1970 og 1980 talet. På denne tida var rundt det rundt 100 årsverk på «landbrukskontora» her i fylket. Endringar i samfunn, teknologi og ikkje minst i landbruksnæringa har gjort at oppgåvene er andre, og omfanget langt mindre enn for to tiår tilbake. Utbyggingsdimensjonen har blitt svekka, medan sakshandsaming, ressursforvaltning, plansaker og føretakskontrollar har blitt viktigare.

Kommunane har etter verksemdsoverdraginga i 1993 lovpålagt plikt til å handtere «landbruksoppdraget». Kommunane har organisert landbruksforvaltninga ulikt. Nokre kommunar har

Årsverk i landbruksforvaltninga

Aukra	0,5
Aure	1,9
Averøy	2,0
Eide	1,0
Fræna	4,0
Gjemnes og Kristiansund	2,0
Halsa	1,5
Haram, Giske og Sandøy	2,2
Midsund	0,4
Molde	1,4
Nesset	1,2
Norddal	2,5
Nordre Sunnmøre LK	2,9
Rauma	2,7
Rindal	1,6
Sande	0,5
Stranda	1,3
Sunndal	3,0
Surnadal	3,0
Sykkylven	1,4
Søre Sunnmøre LK	3,2
Tingvoll	2,6
Vanylven	1,2
Vestnes	2,0
Ørsta og Volda	4,2

tradisjonelt «landbrukskontor», andre har landbruksforvaltninga integrert i ein større sektor – ofte saman med planarbeid eller tekniske tenester.

Dei kommunale miljøoppgåvene blir i stor utstrekning handtert av landbruksforvaltninga. I nokre kommunar er dette formalisert gjennom stillingsprosentar knytt til miljø eller landbruk, i andre kommunar er miljøoppgåvene oppfatta som ein del av landbruksoppdraget. Skogbrukstenestene er ofte organisert etter andre distriktsgrenser og samarbeidsformer enn oppgåvene innan jordbruk.

I sum betyr dette at det ikkje er enkelt å identifisere ressursane som blir brukt til landbruksoppdraget, og at framstillinga ikkje er konsistent.

Tilbakemeldingar frå kommunane indikerer at bemanninga – på dei fleste kontora – er god nok til å dekkje dei lovpålagte oppgåvene, men at det kan vere utfordrande å møte arbeidstoppane. Fleire melder også at oppgåver som bør gjerast (men som ikkje er lovpålagt) må leggast til sides. Dette går i stor grad utover utviklingsoppgåvene.

Fleire kommunar er bekymra over at lav bemanning gjer kontoret sårbart. Dette gjeld spesielt handteringa av tilskotsordningane.

Kompetanse i landbruksforvaltninga

Fram til 2004 var det stilt eksplisitt krav om at «landbrukskontoret» skulle leiast av ein person med relevant utdanning på masternivå (typisk sivilagronomutdanning frå NIBIO). Dette kravet vart oppheva i 2004, jf. St.meld. nr 19 (2001-2002). Kompetansekravet i dag kan avleiest av prinsippet om 'forsvarleg myndigheitsutøvelse'. Når kommunen er gitt ansvaret for å ivareta ei

oppgåve, så følgjer også ansvaret for å tilsette eller på annan måte sikre nødvendig arbeidskraft med relevant kompetanse.

Kartlegging av status våren 2016 viser at utdanningsnivået i landbruksforvaltninga er høgt, og at dei fleste kommunane har stabil bemanning på nøkkelfunksjonane. Også etter oppmjukinga av kompetansekravet i 2004 har dei fleste kommunane rekruttert leiar med god formalkompetanse. Dei aller fleste «nye» har mastergrad frå relevant fagområde.

Av totalt 45 tilsette i kommunal landbruksforvaltning hadde 26 personar utdanning på mastergradsnivå med relevant fagkrets. Dei fleste av desse har sivilagronom-/forstkandidatgrad frå UMB. Den naturfaglege kompetansen er etterspurd også på andre sektorar, og landbrukstilsette har typisk ansvar for oppgåver innanfor miljøforvaltning, karttenester og arealplanlegging. Andre høgst relevante fagkombinasjonar er utdanning på bachelornivå i økonomiske/administrative fag, kombinert med lang relevant erfaring frå næring og forvaltning.

Fleire har særkompetanse innanfor GIS, kartbruk, eller miljøfag. I tillegg til formalkompetansen har landbrukskontora særleg god kontakt med grunneigarar og næring. Kommunane har spesielt god kompetanse på handteringa av tilskotsordningane, men fleire saknar kompetanse på nokre av oppgåvene i utkanten av landbruksoppdraget. Dette saknet er særleg uttrykt på område som sakshandsaming etter Plan og bygningslova, og arbeidet med kommuneplanar.

Det totale bildet er at landbruksforvaltninga har tilsette med høg og relevant formalkompetanse. Både det naturfaglege og administrative er godt dekkja. Arbeidsoppgåvene på «landbrukskontoret» er allsidige og til dels komplekse. Det er nødvendig med både formell bakgrunn og god regularitet. Landbruksnæringa er heilt avhengig av at forvaltninga har god kompetanse, og tilstrekkeleg kapasitet til å møte arbeidstoppane.

FINANSIERING AV LANDBRUKSOPPDRAGET

1502 Molde	1 315 395	1534 Haram	1 714 973
1504 Ålesund	449 528	1535 Vestnes	1 622 703
1505 Krsund	403 966	1539 Rauma	2 707 652
1511 Vanylven	1 885 592	1543 Nesset	1 715 030
1514 Sande	767 483	1545 Midsund	618 010
1515 Herøy	996 375	1546 Sandøy	321 584
1516 Ulstein	578 202	1547 Aukra	384 092
1517 Hareid	491 627	1548 Fræna	3 164 523
1519 Volda	1 691 216	1551 Eide	1 178 309
1520 Ørsta	2 836 989	1554 Averøy	1 499 448
1523 Ørskog	488 513	1557 Gjemnes	1 720 992
1524 Norddal	1 219 276	1560 Tingvoll	1 459 959
1525 Stranda	1 436 978	1563 Sunndal	1 694 017
1526 Stordal	425 387	1566 Surnadal	2 558 842
1528 Sykkylven	1 217 276	1567 Rindal	1 489 984
1529 Skodje	508 885	1571 Halså	1 132 276
1531 Sula	320 947	1573 Smøla	1 104 310
1532 Giske	790 259	1576 Aure	1 921 291

Opgåvene på landbruks- og matområdet får grunnfinansiering frå frie inntekter, fordelt gjennom inntektssystemet for kommunane.

Grunnlaget for fordelinga på kommunar er eit eige landbrukskriterium. Dette kriteriet blir revidert i 2016, men det er uansett interessant og relevant å sjå på fordelinga slik ho var i 2015 (sjå kommunetabell).

Grunnlaget for fordelinga:
30% Jordbruksareal
40% Talet på landbrukseigedomar
20% Talet på jordbruksføretak
10% Totalareal kommune

4. ULIKE ORGANISASJONSMODELLAR

Organiseringa av oppgåvene er gjort ulikt frå kommune til kommune. Nokre kommunar har klassisk landbrukskontor, andre har organisert tenesteområde landbruk som oppgåve under andre etatar, og nokre har etablert ulike interkommunale løysingar. Totalt har landbruksforvaltninga blitt mindre synleg dei siste åra. Varemerket er svekka, og oppdraget kan av og til kome i skuggen av andre viktige kommunale oppgåver.

Etter at kommunane tok over dei statlege landbrukskontora i 1993 har det vakse fram fleire ulike modellar for å organisere tenesta. Dette er dynamiske prosessar, i den forstand at strukturane forandrar seg etter behov, ofte styrt av andre omsyn i kommunane.

Fylkesmannen skal sjå til at kommunane har god nok kapasitet og at kvaliteten på leveransen er god. Fylkesmannen følgjer opp gjennom dagleg samarbeid og spesifikt ved forvaltningskontrollane. Så lenge leveransen fyller krava, er internorganiseringa ei sak for kommunen. Kvar av modellane har sine sterke og svakare sider. Denne drøftinga er relevant i samband med omorganiseringar, fusjonar og nye samarbeid mellom kommunane.

I nokre kommunar er landbruksnæringa lita, slik at grunnlaget for sjølvstendig forvaltning ikkje er til stades. Samarbeid med nabokommunar kan gi meir profesjonell handtering av landbrukssaker, og gi grunnlag for eit breiare fagmiljø. Større miljø gir som oftast eit betre fagleg tilbod, og det kan vere enklare å rekruttere kompetent personale. Desse «stordriftsfordelane» må haldast opp mot andre verdiar som kontakt med lokal næring, fysiske avstandar, og integrasjon mellom landbruksforvaltninga og andre saksområde i kommunen. I mange kommunar er det landbrukskontoret som har den naturfaglege kompetansen, som også er relevant på mange andre saksområde.

Modell I: Tradisjonelt landbrukskontor

Dette er basismodellen, der kvar kommune har tilsette som utfører landbruksoppdraget. Rådmannen har ansvaret, etter delegasjon frå kommunestyret. Rådmannen kan delegere oppgåver vidare til landbrukssjefen. «Landbrukskontoret» er enten sjølvstendig eining i kommuneadministrasjonen, eller integrert i ei større eining. Etter denne modellen er landbruksforvaltninga ein integrert del av den kommunale organisasjonen, med fullmaktene direkte frå rådmannen.

Det er rimeleg å tru at kommunane - som konsekvens av kommunereforma - blir større enn i dag, og at modellen med eige landbrukskontor blir den vanlegaste framover.

Det er vanleg at «landbrukskontoret» gjennom intern arbeidsdeling i kommunen har oppgåver utover det snevre landbruksoppdraget – mest vanleg er oppgåver innanfor miljø- og klimaarbeid, og sakshandsaming etter Plan og bygningslova. Den individuelle kompetansen blir ofte bestemmande for kva oppgåver som blir lagt til kontoret. Det er vanleg at landbrukskontoret deler administrative ressursar med andre sektorar i kommunen.

I dag er status at mange kontora har få – kanskje berre ein - tilsett. Slike kontor er naturlegvis sårbare for fråvere, og det er vanskeleg å halde oppe nødvendig kompetanse.

Modell II : Vertskommunemodell (administrativt samarbeid)

Det kan vere gode grunnar til at to eller fleire kommunar samarbeider om å løyse landbruksoppdraget. Den vanlegaste modellen for samarbeid mellom kommunar er vertskommunemodellen. I dette ligg at ei kommune («vertskommune») gjer arbeidet med landbrukssakene frå to eller fleire kommunar («medlemskommunar»). Medlemskommunar kan delegere saker som ikkje er av prinsipiell karakter til vertskommunen. Det juridiske grunnlaget for vertskommunemodellen er å finne i kommunelova § 28-1 b og c.

Vertskommunemodellen krev avtalar mellom kommunane som avklarar økonomi og delegasjonsfullmakter gitt til vertskommune. Det kan også vere utfordrande for medlemskommunane å integrere landbruksforvaltninga i eigen produksjon.

Sjå Kommunelova § 28-1 b «Administrativt vertskommunesamarbeid»

Lovverket skil mellom saker av «prinsipiell karakter» - som ikkje kan delegerast - og oppgåver som har karakter av drift. I delegeringsvedtaket kan samarbeidskommunen fastsetje retningslinjer for kva som er å rekne som «prinsipiell sak». Saker som ikkje er delegert skal handsamast politisk av kvar medlemskommune. Denne modellen gir i stor utstrekning medlemskommunen høve til å bestemme kva som skal delegerast.

Medlemskommunane delegerer ansvar til rådmannen i vertskommunen, som igjen delegerer til landbrukssjefen i vertskommunen. Det er grunn til å gjere merksam på at kvar medlemskommune gjer individuelle vedtak om delegasjon, og i samarbeid med fleire medlemskommunar kan det bli fleire regelsett å halde orden på for vertskommune. Politisk behandling krev ofte meir saksførebuing, og saksgangen er i seg sjølv meir arbeidskrevjande.

Folkevald organ i vertskommunen har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde der delegasjonen har skjedd frå samarbeidskommunen til vertskommunen.

Samarbeid etter vertskommunemodellen blir regulert av avtale mellom vertskommune og kvar medlemskommune, samt av delegeringsvedtaket i medlemskommunen. Avtalen skal typisk regulere fordeling av kostnader, og kva samarbeidet skal omfatte. Avtalane er individuelle, men typisk innhald kan vere:

- Tidshorisont for avtalen, detaljar rundt oppseing eller forlenging
- Avgrensing av avtalen etter type saker
- Ressursar (kompetanse og kapasitet) i vertskommune
- Økonomisk oppgjer - kostnadar for kvar deltakarkommune
- «Kontaktgruppe / styringsgruppe» for samarbeidet

Modell III : Interkommunalt landbrukskontor

Modell 3 er eit utvida samarbeid i forhold til vertskommunemodellen. Det må etablerast ei felles folkevald nemnd, som får delegert mynde frå kvar av medlemskommunane. Det juridiske grunnlaget for denne modellen går fram av kommunelova § 28-1 c .

Medlemskommunane kan delegere mynde til at nemnda kan gjere vedtak også i saker av prinsipiell karakter. Kommunen gir her frå seg direkte kontroll med forvaltninga, og konseptet kan gjere det vanskeleg å integrere landbruksforvaltninga med anna kommunal tenesteproduksjon.

Felles interkommunalt landbrukskontor gir kvar kommune mindre kontroll og svakare styring over eiga verksemd samanlikna med modellane I og II. Det er også ein reell fare for at medlemskommunane kan sjå på det interkommunale landbrukskontoret som ein ekstern instans, og ikkje som integrert del av eigen produksjon.

Sjå Kommunelova § 28-1 c. «Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd»

Samarbeid mellom kommunar (gjeld både vertskommunemodellen og felles interkommunalt landbrukskontor) kan legge grunnlag for eit større fagmiljø. Store fagmiljø er meir robuste for skifte i mannskap, og gir grunnlag for arbeidsdeling og spissing på fagområde.

5. ORGANISASJONAR LANDBRUKSFORVALTNINGA SAMARBEIDER MED

Kommunane samarbeider tett med andre aktørar som har ansvar på landbruksområdet.

Landbruksdirektoratet Direktoratet er ansvarleg for å gjennomføre jordbruksavtalen. I dette ligg ansvar for alle økonomiske virkemiddel, og å lage rutinar og system for forvaltninga. Landbruksdirektoratet formidlar politiske føringar til forvaltninga, og er klageinstans for både tilskotsforvaltning og for saker etter jordbruket sine særlover.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal FM samarbeider tett med kommunane om landbruksoppgåvene. Fylkesmannen organiserer oppgåvene på tvers av kommunane, og følgjer opp med kurs, opplæring og telefonstøtte. Fylkesmannen er første klageinstans for mange saksområde som ligg til kommunane.

Hoppid Kommunane skal arbeide med landbruksbasert næringsutvikling. Det har blitt vanleg at delar av dette oppdraget blir gjort av dei kommunale næringskontora (Hoppid). Denne arbeidsdelinga krev godt samarbeid mellom Hoppid og landbrukskontoret, der landbrukstilsette typisk tar ansvar for saker som går på tradisjonell driftsutbygging, medan Hoppid tar det meste knytt til bedriftsetableringar og for eksempel småskala foredling. Vi har også døme på at «landbrukskontoret» også er Hoppid-kontor.

Innovasjon Norge IN forvaltar bedriftsretta virkemiddel retta mot landbruket. Oppdraget blir gjort med føringar frå fylkesmannen, og i samarbeid med kommunane.

NIBIO Kommunane har ansvaret for å halde ved like grunnlagsdata for AR5 / Gardskart. Dette datasettet er ein integrert del av systema for tilskotsforvaltning.

Næringsorganisasjonane Kommunane har samarbeid med Bondelaget, Norsk bonde- og småbrukarlag og skogeigarforeninga om fleire tema, - mellom anna lokale strategiar for SMIL-midlane. Utover det som er pålagt varierer dette samarbeidet mykje frå kommune til kommune.


Norsk Landbruksrådgjeving Mange kommunar arbeider tett med NLR for å skape gode møteplassar mellom gardbrukar , rådgjevingsteneste og forvaltning.

Mattilsynet Kommunane samarbeider med Mattilsynet i tilsynssaker. Kommunane administrerer ordninga med eksamen i plantevern og innmelding i databasen for autorisasjonsbevis for bruk av plantevernmidde.

6. OPPGÅVEPORTEFØLJE FOR KOMMUNAL LANDBRUKSFORVALTNING.

Nokre av oppgåvene er styrt av års-syklusen, medan andre oppgåver er løpande gjennom året. Landbruksforvaltninga har særleg stor arbeidsbelastning knytt til søknadar om produksjonstilskot (2 årlege periodar) og regionalt miljøprogram.

Bøndene får ein vesentleg del av inntektene gjennom overføringane frå jordbruksavtalen. Kommunane har ei heilt sentral rolle i dette systemet, både for å forvalte ordningane, og ikkje minst for å kontrollere at oppgåvene frå gardbrukarane stemmer. Kontrollarbeidet har blitt ein heilt sentral del av det totale oppdraget.



Grunndata for figuren er henta frå Vista Analyse Rapport 2013/34. Vedlegg B i den same rapporten danna utgangspunktet for opplistinga av oppgåver. Oppgåveporteføljen er oppdatert til status 2016, etter dialog med kommunane.

Ein viktig del av arbeidsoppdraget er kontroll med at tilskotsmidlane blir brukt etter føresetnadene. Kontrollane kan vere baserte på gjennomgang av dokument, eller det kan vere observasjonar på gardsbruket. Kontrolljobben går på fleire av ordningane.

Førsteinstans - Produksjonstilskot i jordbruket

Produksjonstilskot er fellesuttrykket for fleire tilskotsordningar som er retta mot føretak som driv jordbruksproduksjon.

Kommunen skal:

- Gi råd om regelverk til føretaka
- Handsame søknadar og fatte vedtak
- Utføre kontroll av at oppgåvene som ligg til grunn for tilskotet stemmer
- Ta i mot og ta stilling til klager på vedtak
- Lage manuelle utbetalingskrav ved ettersendt dokumentasjon
- Kvalitetssikre areala med utgangspunkt i gardskart og jordregister
- Oppdatere landbruksregisteret
- Kontrollere og ajourføre endringar for AR5

Førsteinstans – Miljøvirkemiddel

Miljøvirkemidlane over jordbruksavtalen der kommunen har vedtaksmynde omfattar: Regionalt miljøprogram (RMP) og Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Kommunen skal :

- For RMP gjeld tilsvarende som for produksjonstilskot
- For SMIL-ordninga skal kommunen
 - Utarbeide ein fleirårig strategi i samarbeid med landbruksnæringa
 - Gir råd om ordninga og ta initiativ til prosjekt
 - Handsame og prioritere søknadar
 - Følgje opp og kontrollere at løyvde midlar blir brukt etter føresetnadene
 - Ta i mot og handsame eventuelle klager i førsteinstans
- Godkjenning av beitelag

Andre miljøoppgåver innanfor landbruk styrt av anna lovverk:

- Klima og energiplanlegging
- Kontaktpunkt og legge til rette for satsingar som Utvalde kulturlandskap
- Verdsarvområda og utviklingstiltak innanfor økologisk landbruk
- Forureiningslova – saker som fell naturleg inn under landbruk
- Naturmangfaldlova – alle typar arealtiltak
- Erstatningsordningar (bl.a. klimarelaterte skader, offentlege pålegg, rognebærmøll) – ta i mot søknader, kontrollere opplysningane og gi uttale til Fylkesmannen
- Beitebruk: Samordne søknader frå kommunens beitelag på FKT-midlar og investeringar i organisert beitebruk, samt gi uttale (*FKT= Førebyggjande og konfliktdempande tiltak*).
- Rovvilt / FKT – ta i mot søknadar, kontrollere opplysningar og gi uttale til FM.
- Autorisasjonsbevis for plantevernmiddel
- Tilsynsmynde etter forskrift om floghavre
- Tilsynsmynde etter forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav
- Utsiktsrydding – (nytt frå 2016)

Landbruksforvaltninga har – nesten utan unnatak – ansvaret for miljø saker i kommunane, som motorferdsel i utmark, og saker knytt til viltforvaltning, jaktorganisering, søk etter fallvilt o.a.

Førsteinstans - velferdspolitiske tiltak

Velferdspolitiske verkemiddel over jordbruksavtalen der kommunen har vedtaksmynde

- Tilskot ved avløyning ferie og fritid
- Tilskot til avløyning ved sjukdom m.m.
- Tidlegpensjon for gardbrukarar (ikkje vedtaksmynde, men klargjering av søknadar for FM)

Avløyingsordninga ferie og fritid har søknadsrutine samordna med produksjonstilskot.

Søknad om tilskot til avløyning ved sjukdom m.m. skal sendast sendes kommunen. Kommunen må her gå gjennom grunnlagsopplysingane, ta fagleg/skjønnsmessig stilling til kvar søknad og gjere utrekningane.

Førsteinstans - juridiske virkemiddel - lovforvaltning

Kommunen har vedtaksmynde for:

- Jordlova (omdisponering og deling, spørsmål om driveplikt, plan for nydyrking)
- Konesjonslova
- Odelslova
- Skoglova
- Viltlova

Kommunen skal mellom anna :

- gi rettleiing om regelverk m.m.
- Handsame søknadar og gjere vedtak
- Ta i mot og ta stilling til klager på kommunale vedtak
- Rapportere gjennom KOSTRA
- Handsame dispensasjonssøknadar, administrere jordleigeavtalar
- Følgje opp vedtak om driveplikt
- Taksering og priskontroll

Andre lover der kommunen har oppgåver:

- Naturmangfaldlova – vurderingar etter §§ 8 – 12, mellom anna arealsaker, nydyrkingssaker, dreneringssaker, og tilskotssaker med naturinngrep.
- Plan og bygningslova - arbeid knytt til landbruk og jordvern
- Fjellova, Beitelova , Gjerdelova
- Lov om veterinærar og anna dyrehelsepersonell
- Matlova

Førsteinstans – skogbruk

Skogbruksoppgåvene er i stor grad avleia frå Lov om Skogbruk med forskrifter.

Kommunen skal :

- Gi rettleiing til skogeigarar om lover, forskrifter og anna regelverk
- Forvalte økonomiske verkemiddel – skogfond og NMSK-tilskotta
- Gjere resultatkontroll skogbruk og miljø
- Følgje opp forynging
- Skogbruksplanlegging

- Landbruksvegar
- Vere pådrivar overfor skogeigarar for skogkultur, skogsbilvegar og skogbruksplanlegging
- Registrerings- og rapporteringsoppgåver
- Arbeide aktivt for å skape arenaer for fagleg utvikling – skog dagar, kurs innanfor Aktivt skogbruk o.a.

Næringsutvikling

Kommunen har ansvaret for å utvikle landbruket lokalt innanfor rammene av den nasjonale landbruks- og matpolitikken.

Kommunen skal:

- Medverke til at landbruket blir ein integrert del av lokalt nærings- og utviklingsarbeid.
- Ta initiativ til og legge til rette for landbruksbasert næringsutvikling
- Vere førsteline for næringsutvikling knytt til investeringar i tradisjonelt jordbruk og landbruksrelaterte næringar

I Møre og Romsdal blir delar av oppdraget på næringsutvikling handtert av Hoppid-nettverket. Landbruksforvaltninga er samarbeidspartnar med Innovasjon Norge, og mottaksadresse for søknader om tilskot til næringsutvikling. Arbeidsdelinga med hoppid-nettverket blir tilpassa lokalt, men i hovudsak tar hoppid-kontora seg av individuell rådgjeving og støtte til landbrukstilknytt næringsutvikling. Utvikling av det tradisjonelle jordbruket blir i all hovudsak handtert av landbruksforvaltninga.

Arbeidsgruppa Landbruksforvaltning 2020

Molde, 03.06.2016


Ottar Longva


Rune Horvli


Helga Færøy

Arnold Hoddevik


Bjarne Lund


Tormod Meisingset